

# Fjågesund Posten

Nr. 3 november 2024

## NY ROMANSERIE FRÅ FJÅGESUND!

Les meir om dette på side 3 og 4.



Utsikt frå Ånås

## STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi kører rundt og samlar inn:

Tysdag 5. november kl 17.00.



## ELGFEST

Laurdag 9. november kl. 19.00.

på Fjågesund grendehus. Det vert servert eggryte, kaker og kaffi.

Det blir elg/naturfilm av Hans Fredrik Dale.

Etterpå spelar "Remi" opp til dans. Inngang kr. 350,-

Påmelding innan mandag 4. november til:

Sverre 958 79 894

Trond 970 98 894

VELKOMEN!

Arr. Fjågesund  
Grendehuslag



## MORO-KVELD!

Fredag 15. november kl 18.00

for alle på grendehuset.

Quiz. Det blir sal av heimelaga pizza, brus og kaffe. Det blir åpen sal med småbord. Ut på tur 2024: det vert trekning av premie mellom dei som har vore innom alle turmåla våre.

Vi vil gjerne at du kjem!!!

Arr. Fjågesund IL



# IDÉMYLDRINGSMØTE!

**Laurdag 23. november kl 14.00 - 17.00**

for alle på grendehuset.

Har bygda vår ei fremtid? I så fall, korleis ser den ut? Folketalet gjeng ned til tross for tilflytting, stor dugnadsvilje og fleire positive aktivitetar.

- Innledning med eksempler frå andre bygder v. Birgith Reinskås Lunden, Høgde AS / prosjektleiar 59graderNord Åmdals Verk
- Idé-myldring
- Vegen vidare - kven gjer kva
- Alle innspill og idear er viktige!
- Servering av bakst og kaffi.

Møteleiar er Kjersti Haland frå Telemark Næringshage

Helsing Øyvind, Trond, Aud-Turid, Trine og Anne-Bjørg

## JOLEGRÅNTENNING

**Sondag 1. desember kl. 17.00**

på grendehuset.

- Matservering
- Kaker og kaffe

Velkommen!

Arr. Fjågesund grendehuslag



Nye vegen til Jønnberg

## MORO-KVELD!

**Fredag 6. desember kl 18.00**

for alle på grendehuset.

Bordtennis. Det blir sal av heimelaga pizza, brus og kaffe. Det er også mogleg å site i gangen og bare prate.

Vi vil gjerne at du kjem!!!

Arr. Fjågesund IL



# KLØVERTUN



Forfattaren Kate Helen Simonsen frå Haugesund



**Foto: Privat**

er no aktuel med sin fjerde romanserie. Denne har handlinga si frå Fjågesund og livet rundt Telemarkskanalen på 1890-talet. Hovudpersonen Helene bur på garden Kløvertun i Fjågesund.

Vi har stilt henne nokre spørsmål om bakgrunnen til bokserien:

Kva var det med bygda vår som gjorde at du valgte den og korleis fann du oss?

*Jeg har lenge hatt lyst til å skrive en romanserie fra de vakre omgivelsene langs Telemarkskanalen, og har latt meg inspirere av flere opphold på Dalen Hotel og turer med kanalbåten MS Viktoria - begge viktige historiske knutepunkter for livet langs kanalen, og som fortsatt er i drift. Jeg ser levende for meg hvordan livet kan ha vært for menneskene som levde her på 1890-tallet, og dette prøver jeg å beskrive i serien.*

Kjenner du noko til den verkelege historia til bygda og menneska som har levd her?

*Nei, jeg vil få presisere at personene og handlingen i serien er fri dikting, og at alle eventuelle likheter med virkeligheten er tilfeldige.*

Har du vore her fleire gonger?

*Jeg har vært i Fjågesund 3 ganger. På besøkene har jeg ruslet rundt i bygda, og sett for meg*

*hvordan jeg ville få menneskene i min romanserie til å passe inn. Som foreksempel hovedpersonen Helene på gården Kløvertun✿ Jens og datteren Oda på krambua og alle de andre personene i serien min.*

Har du planer om å kome tilbake hit? I så fall hadde det vore veldig hyggeleg å treffe deg.

*For øyeblikket har jeg ingen planer om å dra til Fjågesund. Men kanskje blir det en ny tur til våren. Jeg var der i mai, da satt jeg på brygga, spiste lunsj og drømte meg bort til svunne tider.*



Foto: Thomas Brun / NTB

Det er dessverre slik at folketalet i bygda vår er synkande. Skulen og barnehagen er lagt ned, butikken er borte, og snart er det berre pensjonistar att. Vi er difor veldig redde for at den vakre bygda vår etter kvart kjem til å døy ut, og har difor planlagt ein bygdekveld 23. november med idéverkstad med temaet: "Har bygda vår ei framtid, og i så fall korleis ser ho ut?" Eg lurar i denne samanhengen på om du har nokre tips, idear eller tankar til oss om moglegheiter du som utanforståande ser? Kanskje denne romanen din kjem til å hjelpe oss med å gjere bygda meir kjend og attraktiv?

*Jeg tenker at romanserien min på 15 bøker, kan gjøre Fjågesund mer kjent.*



# GUDSTENESTE

Kilen kapell

Sondag 22. desember kl 16.00.

v/ Sigrun Lønning Solvang.

Nattverd. Offr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt.



## HØGTIDSMESSE

Fjågesund kyrkje

joleftan, 24. desember kl. 12.45

v/ Sigrun Lønning Solvang.

Offr. Kirkens Nødhjelp.



## KVENNÅI KRAFTVERK



For nokre år sida søkte Kvennåi kraftverk AS om konsesjon på vassdraget ned frå Fjågesundheia, og fekk dette godkjent i 2019. Nå har Drangedal kraft AS inngått ei 60 år lang avtale om leige av fallrettighetane, samt rett til byggjing og drift av Kvennåi kraftverk.

Utbygginga er kostnadsregna til 36 millionar kroner og er allereie i full gang! Fallhøgda på vantnet fra inntaksdammen oppe i heia og ned mot Fjågesund er ca. 185 meter. Går alt etter planen kan kraftverket vere i drift i 2025. Planlagt produksjon er 4,0 GWh per år, eller tilsvarande straum til 160 husstandar.



# INFO FRÅ IDRETTSLAGET

Også i år vil vi sponse kr. 500 pr. par viss du vil ha joggesko med pigg. Kontakt: Aud Turid Fjågesund 905 75 915.

Det blir lagt ut bok i ljosløypa der du kan skrive navnet ditt og bli med på trekking av ein premie. Drenering av Kåsastrånda blei gjort på dugnad i sommar.

Laga i bygda takkar så mykje for dugnasinnsatsen i året som gjekk!



Førebing til klubbrenn 1978.

## FILMEN "LIVET I FJÅGESUND OG BERGSTO FØR I TIDA"

av Hans Fredrik Dale er så populær og etterspurd at det blir ei ny framsyning på nyåret. Det kjem informasjon i postkassa di når det nærmar seg!



Hildegunn Haugan Kyrkjebo på Haugan ca 1920

*Godt Nytt År!*

Sjå også heimesida til Fjågesund på:  
[fjaagesund.no](http://fjaagesund.no)